



|                                                |                                             |
|------------------------------------------------|---------------------------------------------|
| Type møte:<br><b>Etne kyrkjelege fellesråd</b> | Oppmøte:<br><b>Møterom Etne kyrjekontor</b> |
| Dato:<br><b>Tirsdag 14.mai 2024 kl.18.00</b>   |                                             |

**Frammøtte:**

|                             |                              |
|-----------------------------|------------------------------|
| <b>Gerd Ingunn Opdal</b>    | <b>Leiar</b>                 |
| <b>Reidar Leknes</b>        | <b>nestleiar</b>             |
| <b>Ole Vidar Melkeraaen</b> | <b>repr. Skånevik</b>        |
| <b>Kjell Ingvald Matre</b>  | <b>repr. Etne</b>            |
| <b>Kari Vik Stuhau</b>      | <b>Geistleg representant</b> |

**Forfall:**

|                        |                            |
|------------------------|----------------------------|
| <b>Kenneth Karslen</b> | <b>Kommunerepresentant</b> |
|------------------------|----------------------------|

**Opning Kari****SAKER:****Sak 20/24 Godkjenning av innkalling og sakliste****Vedtak**

Innkallinga og saklista vert godkjend med 3 tilføyningar under orienteringssaker

**Sak 21/24 Oppfølgjing av referat frå 12.mars****Vedtak**

Referatet vart teke til følgje

**Sak 22/24 Rekneskapsoversikt 2024**

Sjå vedlagt økonomirapport.

**Vedtak**

Rekneskapen vart teken til følgje

**Sak 23/24 Vedlikehald og investeringsplan 2025-2028 – innspel frå sokneråda**

Oppfølging av sak 10/24. Sjå eige saksframlegg.

**Vedtak**

Fellesrådet stiller seg bak kyrkjevevja sitt framlegg til prioritering med nokre endringar. Då blir prioriteringslista slik:

1. Fjæra – sikring av takheller på spiret og resten av taket
2. Grindheim kyrkje – istandsetjing av tak, vindaugo og dører. Håpar på å få invitasjon til å søkja Riksantikvar om tilskot. Reperasjon av taket er kostnadsrekna til 1,6 mill.  
Grindheim – vasking, skraping, maling og utbetring av kledning



3. Senkeapparat
4. Stødle – skraping og overflatebehandling av alle vindaugo
5. Skånevik – utbetring 4 blyglasvindaug (stip. Kr.200.000)
6. Stødle – vasking, skraping, maling og utbetring av kledning på skipet
7. Gjerde - vasking, skraping, maling og utbetring av kledning
8. Stødle – rehabilitering av kalking på steindelen av kyrkja.

Saka blir oversendt til kommunen så snart som råd.

#### **Sak 24/24    Bruk av dei gamle kyrkjene**

Oppfølging av sak 11/23. Sjå eige saksframlegg.

##### **Vedtak**

1. Etne kyrkjelege fellesråd finn det økonomisk nødvendig å innføre betaling for bruk av dei tre gamle kyrkjene i Etne sokn, gjeldande for heile året.
2. Taksten vert sett til kr 500 for gravferd og vigsel. Ved utleige av ei av dei gamle kyrkjene til andre tilskipingar, kjem denne taksten i tillegg til dei vanlege utleigesatsane.
3. For å redusere straumkostnadene mest mogeleg, vert det som hovudregel ikkje planlagt med gudstenester i dei tre gamle kyrkjene i vinterhalvåret – frå 01.10. til påske.
4. Alle kyrkjelege handlingar i Etne kyrkje er kostnadsfrie for medlemmene i soknet.

Vedtaket vert sendt tenesteveg til bispedømerådet.

#### **Sak 25/24    Orienteringssaker**

##### **a. Referat frå sokneråda**

- I. Etne sokneråd 9.april
- II. Skånevik sokneråd 21.mars og 25.april

##### **b. Tilstandsrapport Stødle kyrkje**

##### **c. Gravplassrapport – kapasitet på Gjerde, Grindheim og Stødle gravplassar.**

Rapporten er ferdig og viser at når me får sletta alle graver som kan slettast, er det kapasitet i nokre år til. Det er ynskjeleg med hjelp frå Etne kommune når det gjeld den praktiske gjennomføringa med sletting av graver/fjerning av gravminne.

No skal det utarbeidast verneplan som utgreier vernevurdering for utvalde gravminne på dei 3 gravplassane i Etne.

##### **d. Dugnadsgjeng Gjerde bårhus.**

Dugnadsgjengen er klar for å halda fram med det gode arbeidet som vart starta i fjor sommar. No er det bårhuset som skal målast mm. Fellesrådet er svært takksame for initiativ og tiltak, og arbeidet som blir gjort.



**e. Personalsituasjonen – Sommar, kyrkjegardsarbeid**

Det er 2 ungdomar som har fått sommarjobb, ein i Etne og ein i Skånevik. Dei kan også klyppa noko etter skuletid no.

Me har hatt kontakt med integreringstenesta, og der fått kontakt med og tilsett ein person i full stilling på kyrkjegardane frå 16.mai og så lenge det er behov utover sommaren.

I tillegg har ein person som har full jobb som lærling sagt seg villig til å klyppa gras på ettermiddagar. Det ser såleis ut som me kjem i mål med plenklypp m.m. i sommar.

Dei andre oppgåve som ligg til kyrkjegardsarbeidarstillinga, som kyrkjetenar ved gravferder og reinhald av kyrkjene, prøver vi å løysa etter behov, ved at personar i staben tek ekstra oppgåver av og til, og pensjonistar eller andre hjelparar trøt til og tar ekstra oppdrag. Men det er også ting ein ikkje klarar å løysa, og som dermed ikkje blir gjort.

**f. Forsikringane til kyrkja**

I dag er alle kyrkjebygga i kommunen fullverdi forsikra gjennom KLP. Det er reelt sett svært lite sannsynleg at Gjerde eller Grindheim kyrkjer vil bli bygde opp igjen etter ein ev. totalskade. Dersom vi f.eks halverer forsikringssummen som gjeld desse kyrkjene, så kan vi spare minst kr 17.000 pr år slik prisen på forsikringane er i dag. Men desse kyrkjene er då berre forsikra for den summen som ein vel å forsikre dei for, og ikkje fullverdi forsikra. Fellesrådet støtta at FR-leiaren arbeider vidare med saka inn mot kommunen og ev andre instansar.

Det er varsla 45% auke i forsikringsavgift, noko som gjer at Waco som forsikringsforvaltar vil gå ut med nytt anbod på vegner av Etne kyrkjelege fellesråd. Det er berre KLP og KNIF som tilbyr forsikringar på kyrkjebygg.

**g. Hjartestartar**

Fellesrådet vurderer om det er behov for eigne hjartestartarar i Etne, Skånevik og Fjæra kyrkjer. Dette er avhengig av kvar næraste hjartestartar er i nærleiken av kyrkjene. Er t.d. brannstasjonen i Etne bemanna slik at det raskt kan rykkast ut til Etne kyrkje? Det kan vere aktuelt å søkje f.eks E-lagsfondet, SØK, Lions eller andre om støtte til hjartestartarar. FR-leiar følgjer opp saka.

**h. Skånevik – varsel om planarbeid –**

Reguleringsendring av reguleringsplan for Skånevik, del 1: sentrum, PlanID: R-32DEL1-2, gnr/bnr 131/172. Ingen merknad.

Kyrjekontoret i Etne, den 15.05.2024

Gerd Ingunn Opdal  
Leiar

Aud Jorunn Baustad  
Kyrkjeverje